

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 20.11.2023
SAKSHANDSAMAR: Thomas Homme Pettersen
SAKA GJELD: Inntektsramme og resultatkrav 2024

ARKIVSAK: 2023/935
STYRESAK: 119/23

STYREMØTE: 06.12.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

- Styret vedtar fordeling av inntektsramme 2024 for helseføretaka. Detaljert bestilling for dei enkelte helseføretaka blir lagt i styringsdokument for 2024.

Inntektsramme 2024 fordelt pr. helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 076 335	961 428	3 330 521	651 274	362 788	-	7 382 346
SUM, basisramme fordelt etter modell	6 213 121	3 130 154	8 553 423	2 603 621			20 500 320
Resultatbasert finansiering	38 843	18 625	62 177	14 280			133 925
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	82 173	706 887	3 897 541	6 764 389
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	8 916	3 517	170 912	2 383	0		185 728
SUM, inntekt 2024 fordelt frå RHF	8 807 792	4 307 783	13 530 185	3 353 731	1 069 675	3 897 541	34 966 707

- Administrerande direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramma. Administrerande direktør får og fullmakt til å fordele budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF på helseføretaka og private ideelle.
- Resultatkravet for 2024 blir fastsett i samband med konsernbudsjettsaka i februar 2024.

Endelege investeringsrammer for helseføretaka blir fastlagt i sak om Konsernbudsjett 2024 i styremøte i februar 2024.

1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møte den 14/6-2023 sak 060/23 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2024. Førebels inntektsfordeling blei vedtatt før sommaren for å gi helseføretaka eit best mogleg grunnlag for arbeidet med budsjett- og omstillingsprosessane. St.prp. nr.1 (2023 – 2024) forslag til statsbudsjett 2024 blei lagt fram den 6. oktober 2023.

Stortinget vil vedta statsbudsjettet rett før jul. Administrerande direktør legg med dette fram forslag til inntektsramme og resultatkrav 2024 med basis i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. Helseføretaka skal i løpet av desember vedta sine budsjett for 2024. Sak om konsernbudsjett 2024 vil bli lagt fram for styret i februar 2024.

Oppdragsdokumentet 2024 frå Helse- og omsorgsdepartementet er venta å bli sendt over til dei regionale helseføretaka tidleg i januar 2024. Det må derfor takast atterhald for budsjettmessige konsekvensar som måtte komme som følgje av bestillinga frå HOD og eventuelle endringar i statsbudsjettet under Stortinget sin endelege behandling.

I statsbudsjettet er det lagt opp til å styrke dei regionale helseføretaka sin økonomi med til saman 2,2 mrd. kroner. Dette gir grunnlag for ein samla vekst på 1,8 % samanlikna mot saldert budsjett 2023. Det er i det samla budsjetttopplegget lagt inn eit generelt krav om effektivisering på 255 mill. kroner.

Regjeringa har lagt til grunn at samla auke i aktivitet kan bli realisert innanfor 80 % av gjennomsnittleg behandlingskostnad, som eit krav om effektivisering.

Det er lagt til grunn ein pris- og lønsvekst på 4,3 % frå 2023 til 2024.

I opphavleg budsjett 2022 var det ei underdekning i dei økonomiske rammene relatert til løns- og prisvekst på om lag 3,4 mrd. kroner. I nysalderinga 2022 blei det tildelt ei ekstraordinær tilleggsløyving på 2,5 mrd. kroner. Denne er vidareført i RNB 2023 og inngår no som ei varig styrking av ramma. Det er framleis ei uløyst utfordring for Helse Vest som utgjer om lag 172 mill. kroner som må handterast innanfor den samla ramma.

I tillegg er det ei underregulering av offentlege refusjonar for laboratorie- og radiologiområdet på om lag 47 mill. kroner.

2. Føresetnader i statsbudsjettet

2.1. Aktivitetsvekst

Det er tilrådd ein samla vekst i pasientbehandling på 1,8 % samanlikna med saldert budsjett 2023.

Den generelle styrkinga av pasientbehandlinga er berekna på heile inntektsgrunnlaget til helseføretaka, og gjeld derfor all pasientbehandling innan somatikk, psykisk helsevern, rus og rehabilitering. For å handtere denne aktivitetsveksten er basisramma til dei regionale helseføretaka auka med om lag 1 665 mill. kroner i 2024. For Helse Vest gir dette ein auke på 319 mill. kroner, kor styrking av døgnbehandling innan psykisk helsevern særskild utgjer om lag 21 mill. kroner. Den ekstraordinære prisomrekninga frå revidert nasjonalbudsjett 2023 er vidareført i inntektsramma for 2024.

For pasientbehandling som er omfatta av ISF-ordninga er det lagt til rette for ein vekst på om lag 1,7 % frå budsjett 2023 til 2024.

Det er lagt til rette for ein vekst på 1,7 % i poliklinisk aktivitet som omfattar laboratorie- og radiologiske undersøkingar i helseføretaka.

2.2. Endring i omlegging av ISF-andel i 2023

Det blei i statsbudsjettet for 2023 tilrådd ein reduksjon i ISF-andelen for somatiske tenester frå 50 til 40 %. Føremålet med denne omlegginga var at det skulle gjere det lettare for dei regionale føretaka å prioritere oppgåver som ikkje gir inntekter gjennom ISF-ordninga. I samband med sak 120/22 Inntektsramme og resultatkrav 2023 blei det føreset at effekten av denne omlegginga var nøytral i inntektsfordelinga mellom helseføretaka. Ved ein ny gjennomgang av talgrunnlaget for omfordelinga i 2024 så ser vi at effekten slår noko annleis ut enn den faktiske fordelinga i inntektsmodellen. Som ein konsekvens av dette vil Helse Vest gjere naudsynte endringar i omfordelinga til helseføretaka for 2024.

Oppdatert omfordeling blir som følgjer:

Omlegging ISF 50-40%	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Inntektsramme 2023	29 089	104	- 7 402	- 21 790
Inntektsramme 2024	18 184	- 21 647	35 413	- 31 950
Netto endring	- 10 905	- 21 751	42 815	- 10 160

2.3. Pensjon

Den samla pensjonskostnaden for 2024 ligg an til å bli om lag 15 500 mill. kroner. Dette er om lag 700 mill. kroner høgare enn det som låg til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2023. For Helse Vest utgjer dette ein auke i basisramma på 153,2 mill. kroner. Auken er fordelt med basis i nasjonal inntektsmodell.

KLP sine berekningar viser at helseføretaka vil få følgjande endring i sine pensjonskostnader for 2024:

Pensjon 2024 (Tal i heile tusen kroner)	RNB 2023	St. prp 1 2024	Endring vs st. prp 1 2024
Helse Stavanger	782 800	835 655	52 855
Helse Fonna	367 600	401 284	33 684
Helse Bergen	1 424 100	1 514 823	90 723
Helse Førde	285 000	309 074	24 074
Sjukehusapoteka Vest	28 200	28 278	78
Helse Vest IKT	81 900	86 871	4 971
Helse Vest RHF	10 900	10 958	58
Sum Helse Vest	2 980 500	3 186 943	206 443
Endring i basisramma fra Staten			153 200
Forskjell			-53 243
Ytterligere reduksjon i basisammen fra 2023			-22 000
Konsekvens Helse Vest			-75 243

I pensjonsberekinga for 2024 er det ein negativ fordelingseffekt på 75,2 mill. kroner som er handtert innanfor den samla ramma. Eventuelle endringar i pensjonen ut over det nivå som her er lagt til grunn må ein komme tilbake til i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024.

2.4. Krav om effektivisering

I 2024 er det føreset eit generelt krav om effektivisering med same føremål som tidlegare.

2.5. Eigenandelar

I basisramma er det lagt inn ein kompensasjon for manglende prisstigning på eigenbetaling. Samla kompensasjon er på 10,3 mill. kroner og for Helse Vest utgjer dette ei auke i basisramma på om lag 2 mill. kroner.

Endringane blir innarbeidd i den samla inntektsramma og fordelt gjennom inntektsmodellen.

2.6. Oppdragsoverføring DFH – Det finnes hjelp

Det er i statsbudsjettet for 2024 foreslått å flytte deler av midlane til Det finnes hjelp (DFH) frå Helsedirektoratet til helseføretakas basisløyving. Klinikkane i DFH har vore under etablering og er prosjektfinansiert fram til 2023, men er planlagd som ei ordinær helseteneste frå og med 2024. Samla for regionane er det foreslått å flytta 15,7 mill. kroner, noko som utgjer 2,9 mill. kroner for Helse Vest. Midlane blir fordelt til føretaka i inntektsmodellen.

2.7. Styrking av døgnbehandling innan psykisk helsevern

Det er framleis stort fokus på å auke døgnkapasiteten for barn, unge og vaksne innan psykisk helsevern i 2024. Dei regionale helseføretaka får samla tildelt 150 mill. kroner til føremålet, noko som utgjer om lag 21 mill. kroner for Helse Vest. Midlane blir fordelt til føretaka i inntektsmodellen.

2.8. Oppsummert endring av basisramma

Oppsummering endring i basisrammen	
Manglende prisjustering egenandeler	1 985
Hjemmetest livmorhalsprogrammet	300
Det finnes hjelpe (DFH) - flyttes fra Hdir	2 900
Pensjonkostnad - økt basisbevilgning	153 200
Videreføring av bevilgning nysaldering 2022	499 754
Styrke PH døgn (inngår i aktivitetsvekst på 1,8 pst.)	21 062
Økt aktivitetsvekst 1,8 pst	297 666
<u>Sum oppgaveendringer mv.</u>	<u>976 867</u>

3. Særskilde tilskot frå staten

3.1. Landsdekkende modell for organisering av rettspsykiatri

Regjeringa vidarefører midlane frå 2023 til 2024 med eit samla beløp på 12,1 mill. kroner. For Helse Vest utgjer dette 1,274 mill. kroner. Midlane blir vidareført til Helse Bergen som øyremerka tilskot.

3.2. Medisinsk undersøking på barnehusa

Øyremerka tilskot til medisinsk undersøking på barnehusa er vidareført i 2024 med til saman 38,9 mill. kroner. For Helse Vest utgjer dette 7,4 mill. kroner. Midlane blir fordelt på same vis som i 2023 til følgjande helseføretak i heile tusen kroner:

Helse Stavanger	3 602
Helse Bergen	2 366
Helse Førde	1 452

3.3. Bjørgvin fengsel

Det blir gitt løyving til ein avrusingseining ved Bjørgvin fengsel. Føremålet er å gi eit avrusingstilbod i fengsel som vil kunne motivere den innsette til å søke vidare rusbehandling. Det er sett av 5,7 mill. kroner til føremålet i 2024.

3.4. Heroinassistert rehabilitering

Det blei sett i gang eit femårig forsøk med heroinassistert behandling i 2020. Tilboden skal bli etablert i Oslo og i Bergen for opptil 300 opiatavhengige gjennom eigne klinikkar med god helse- og sosialfagleg bemanning. Tilskotet er føreslått auka i 2024 til 60,4 mill. kroner. For Helse Vest utgjer dette 20,1 mill. kroner. Midlane blir tildelt Helse Bergen som øyremerka tilskot.

3.5. Tilskot til turnusteneste

Hovuddelen av kostnadane for turnuslegar og fysioterapeutar i sjukehus blir dekt av basisramma til dei regionale helseføretaka. Det årlege tilskotet kjem i tillegg og skal kompensera for tilrettelegging, rettleiing og supervisjon av turnuskandidatar. I 2024 blir det

gitt eit tilskot på 42,2 mill. kroner. For Helse Vest utgjer dette 8,4 mill. kroner. Midlane blir fordelt til helseføretaka på eit seinare tidspunkt.

3.6. Nasjonalt program for screening av tarmkreft

Regjeringa er i gong med å innføre eit nasjonalt screeningprogram mot tarmkreft, og programmet skal vere landsdekkjande innan 2024. Tilbodet vil bli gitt til kvinner og menn det året dei fyller 55 år. Regionane er gitt eit tilskot på 215 mill. kroner i 2024. Midlane blir fordelt til regionane via Helse Sør-Øst, og Helse Vest vil følgje opp disponeringa av denne posten på eit seinare tidspunkt.

3.7. LIS1 stillingar

For å møte utfordringane med mangel på legespesialistar, særleg allmennlegar, er det behov for å auke tal LIS1-stillingar. Helseregionane får i statsbudsjettet for 2024 vidareført om lag 284 mill. kroner som øyremerka tilskot til å handtere denne utfordringa. For Helse Vest utgjer dette om lag 53,4 mill. kroner. I tillegg kjem det ein samla auke for regionane på 33 mill. kroner samanlikna med 2023. Desse midla skal nyttast til å opprette 66 nye LIS1-stillingar, som hovudsakeleg skal innrettast mot ein vidare spesialisering i allmennmedisin. Fordelinga mellom regionane er enno ikkje avklart.

Helse Vest vil komme tilbake til fordelinga internt i regionen på eit seinare tidspunkt.

3.8. Barnepalliative team

Dei regionale helseføretaka fekk i oppdragsdokumentet for 2023 tildelt midlar for å sørge for eit meir tilrettelagt tilbod på lindrande behandling og omsorg for dei aller sjukaste barna og deira familie, og tilstrekkeleg kompetanse gjennom barnepalliative team. Midlane blei fordelt ut til helseføretaka i samband med sak 058/23 Revidert nasjonalbudsjett 2023.

For 2024 er regionane tildelt 31,8 mill. kroner til føremålet som øyremerka tilskot. For Helse Vest utgjer dette om lag 6 mill. kroner. Midlane blir fordelt til føretaka med same føresetnadars som tidlegare (jfr. sak 058/23).

3.9. Bioteknologilova

Det er tildelt totalt 38,6 mill. kroner i øyremerkte midlar relatert til innføring av tilbod om tidleg ultralyd til alle gravide, assistert befrukting og eggdonasjon.

Helse Vest er tildelt om lag 6,9 mill. i øyremerka tilskot for 2024. Fordelinga til føretaka skjer i tråd med same føresetnadars som låg til grunn i sak 120/22 Inntektsramme og resultatkrav 2023, kap. 3.8.

3.10. Persontilpassa medisin

Det er i statsbudsjettet tildelt totalt 110,9 mill. kroner til persontilpassa medisin. Det blir lagt til grunn ei fordeling frå Helse Sør-Øst til dei andre regionane basert på praksis frå tidlegare

år. For 2024 har Helse Vest sett av 16 mill. kroner til føremålet, men det er noko usikkerheit rundt dette nivået. Helse Vest vil kome tilbake til den faktiske tildelinga på eit seinare tidspunkt.

Helse Vest har i tillegg budsjettet tilsvarande 9,4 mill. kroner av eigne midlar til bruk innan persontilpassa medisin dei siste åra. Desse midlane vil i 2024 bli tilført ramma til helseføretaka og fordelt i inntektsmodellen.

4. Resultatbasert finansiering

Resultatbasert finansiering (RBF) inneber at ein del av budsjettet (ca. 646 mill.) blir gjort avhengig av måloppnåing på kvalitetsindikatorar.

Effekten av ordninga gir i 2024 Helse Vest som region 10 mill. kroner høgare tildeling enn ordinær tildeling gjennom «Magnussen»- modellen ville gitt. Endring i tildelinga samanlikna med 2023 gir ein reduksjon på 7,9 mill. kroner.

Tabell 4.3 Fordeling av tilskuddet til resultatbasert finansiering (mill. kroner)

	Fordeling 2024	Fordeling 2023	Endring fra 2023 til 2024	Endring fra 2023 til 2024 i pst.	Fordeling sammenliknet med fordeling av basisbevilgning
Helse Sør-Øst RHF	330,8	310,7	20,1	6,5%	-20,2
Helse Vest RHF	133,9	141,8	-7,9	-5,6%	10,0
Helse Midt-Norge RHF	99,6	94,4	5,2	5,5%	7,6
Helse Nord RHF	81,9	73,3	8,6	11,7%	2,5
Sum	646,2	620,2	25,9		0

Helse Vest fordeler RBF vidare til helseføretaka. Grunngjevinga er at det er rimeleg å anta at ein kan få eit enda sterkare fokus på kvalitetsindikatorane ved å bruke modellen ut mot føretaka direkte. Modellen gir følgjande effekt for 2024 fordelt pr. helseføretak, samanlikna med tal frå sak 058/23 Revidert nasjonalbudsjett 2023:

Resultatbasert finansiering 2024	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Sum
Inntektsfordeling 2024	38 843	18 625	62 177	14 280	133 925
Revidert nasjonalbudsjett 2023	42 410	17 823	67 869	13 493	141 596
Endring	-3 567	801	-5 692	786	-7 671

5. ISF-inntekt

Det er lagt til rette for ein vekst innanfor ISF-ordninga med 1,7 % samanlikna med 2023. Prisen for DRG-poeng er sett til 52 248,- kroner. Prisen for poliklinisk psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er sett til 3 657,- kroner.

Anslag for vekst i DRG poeng på 1,7 % er fordelt på helseføretaka etter same prinsipp som vart nytta i førebels inntektsfordeling og økonomisk langtidsplan.

Merk at veksten i DRG poeng ikkje må bli kopla saman med veksten i basisramma. I inntektsfordelingsmodellen er det fleire element som ligg til grunn for berekning av veksten i basisramma, som mellom anna psykiatri, rus og kostnadsindeks.

Overslagsløyvinga for DRG poeng somatisk område er for 2024 lagt inn med følgjande tal:

Utrekning av overslagsløyving for 2024	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HDS	Avtaler	SUM
Grunnlag 2023	94 615	43 833	157 900	29 584	17 086	3 513	346 531
Aktivitetsvekst 1,7% - fordelt vekst HF etter same forhold som ØLP	1 845	504	2 921	311	273	53	5 907
Overslagsløyving for 2024 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk	96 460	44 337	160 821	29 895	17 359	3 566	352 438
Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region	-2 095	-202	-4 600	-572	0	0	-7 469
DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private	4 985	1 868	3 140	1 840	0	574	12 407
Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest	99 350	46 003	159 361	31 163	17 359	4 140	357 376
Overslagsløyving DRG poeng frå HOD							355 309
Forskjell							2 067

I bestillinga frå HOD er det lagt til grunn ein samla DRG aktivitet på 355 309 poeng. Berekning av bestillinga for 2024 er basert på prognose DRG 2023 justert med forventa vekst på 1,7 %. Bestillinga blir då liggande litt over overslagsløyvinga frå HOD, men er likevel vurdert til å vere innanfor eit akseptabelt nivå. Budsjettforslaget frå HOD angir kva aktivitetsvekst det er rom for, ikkje øvre eller nedre grense på aktivitetsvekst. Det er likevel viktig at overslagsløyvinga er innanfor rammene av realistisk budsjettering. Vekst ut over nivået som er skissert ovanfor må helseføretaka handtera innanfor den samla økonomien og ISF graden på 40 %.

6. Inntektsramme 2024 frå staten

ISF-inntekta er ei overslagsløyving. I denne saka er ISF-inntekta utrekna med basis i prognose DRG poeng 2023 til føretaka tillagt aktivitetsvekst i 2024, jfr. føregåande avsnitt. Helse Vest må ta atterhald om føringar som blir gitt i oppdragsdokumentet frå HOD.

Med basis i desse føresetnadane legg administrerande direktør til grunn følgjande inntektsramme frå staten for 2024:

	(tal i heile tusen)	Kap. Post	RNB 2023	Inntektsramme 2024	Endring	Endring i %
Resultatbasert finansiering	732,71	141 596	133 900	-7 696	-5,4 %	
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732,76	7 127 895	7 468 862	340 967	4,8 %	
Basisramme	732,73	25 408 090	26 840 189	1 432 099	5,6 %	
Forsking og medisinske kompetansesenter	732,78	178 496	185 700	7 204	4,0 %	
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	732,70	8 054	8 425	371	4,6 %	
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	732,70	1 216	1 274	58	4,8 %	
LIS-stillinger	732,70	51 102	53 419	2 317	4,5 %	
Medisinske undersøkingar på barnehusa	732,70	7 096	7 420	324	4,6 %	
Barnepaliativ team	732,70	5 778	6 042	264	4,6 %	
Substitusjonsbehandling	732,70	14 000		-14 000	-100,0 %	
Tverrfaglig helsekartlegging	732,70	2 053	2 149	96	4,7 %	
Økt arbeidsgiveravgift	732,70	122 200	91 700	-30 500	-25,0 %	
Medevac	732,70	20 000	20 000	0	0,0 %	
Bjørgvin fengsel	732,70	5 474	5 700	226	4,1 %	
Heroinassistert rehabilitering	732,70	19 259	20 133	874	4,5 %	
Persontilpasset medisin - overført via Helse Sør-Øst	732,70	14 510	16 000	1 490	10,3 %	
Bioteknologiloven	732,70	6 589	6 893	304	4,6 %	
Tannhelseteneste i sjukehus	770,21	4 500	4 500	0	0,0 %	
Tilskot til protoncenter - Investeringstilskot	732,81	77 600	94 400	16 800	21,6 %	
Sum, estimert inntekt frå staten		33 215 508	34 966 706	1 751 198	5,3 %	

I tabellen ovanfor inngår ikkje den delen av poliklinisk verksemd som går utanfor ISF-ordninga. Overslagsløyvinga for laboratorie- og radiologiske undersøkingar utgjer for 2024 om lag 921,3 mill. kroner. Det er då tatt omsyn til eit aktivitetsnivå som ligg om lag 1,7 % over anslag for aktivitet i 2023, basert på rekneskapstal per mai 2023. ISF inntekter til psykisk helsevern og rus er heller ikkje innarbeidd i inntektsoverslaget. Overslagsløyvinga for dette området er om lag 502,6 mill. kroner og legg til rette for eit aktivitetsnivå for 2024 som er 1,7 % høgare enn budsjett 2023.

7. Budsjett 2024 – inntektsramme

Fordeling av inntektsramma for 2024 til helseføretaka baserer seg på inntektsramma frå staten med fråtrekk for dei midlane som Helse Vest skal nytta til kjøp av helsetenester utanfor inntektsfordelingsmodellen. Inntektsramma inkluderer ikkje polikliniske inntekter som ikkje er omfatta av ISF-ordninga. Desse blir refunderte i eit eige takstsysten utanfor inntektene til Helse Vest. Inntektsramma inkluderer heller ikkje ISF-inntekter innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling, jf. siste avsnitt i punkt 6 ovanfor.

I budsjettopplegget for 2024 er det lagt opp til ein vekst i pasientbehandlinga på 1,8 %. Veksten er målt mot budsjett 2023.

Sjølv om det er usikkerheit og stramme rammer i budsjettopplegget for 2024, er det likevel nokre viktige område som administrerande direktør tilrår å styrka særskilt. I tabellen nedanfor er det gitt ei oversikt over desse områda:

Nye prioriteringar i 2024	Beløp
Generisk register for intensiv, pandemi og krisehendelser	1 000
Tvungen omsorg i kommunene	24 000
Bibliotekavtale med UiB	3 500
SUM	28 500

Tal i millionar kroner

7.1. Generisk register for intensiv, pandemi og krisehendingar

Helse Vest fekk i mars 2020 oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet om å utvide Norsk intensivregister med ein pandemidel, for å registrere å overvake innlagde pasient med covid-19. Registeret har no nasjonal status. Evalueringa i etterkant av denne etableringa har avdekkat sårbarheit med tanke på omfang, kompleksitet og avhengigheit mellom prosessar. Det vart som følgje av dette føreslått å opprette eit generisk register for pandemi og krisehendingar, som skal vere eit nasjonalt register med data frå alle helseføretak. Dette skal kunne brukast i beredskapsarbeidet og ved ekstraordinære hendingar som påverkar eit eller fleire helseføretaks drift og ressursar. Registeret skal finansierast av dei fire regionale helseføretaka, og dette utgjer om lag 1 mill. kroner for Helse Vest i 2024.

7.2. Bibliotekavtale med UiB

Helse Vest har for 2024 inngått ein bibliotekavtale med Universitetet i Bergen for tilgang til tidsskrifter for alle føretak i regionen. Foreløpig gjeld avtalen for 1 år. For Helse Vest utgjer dette ein kostnad på om lag 3,5 mill. kroner i 2024.

7.3. Tvangen omsorg i kommunane

Personar dømde etter Straffelovas § 63 og forskrifta om dom til tvungen omsorg får etter ei utgreiing/kartlegging ved St. Olavs hospital på Brøset eit bu- og omsorgstiltak i sin heimkommune der dommen blir gjennomført. Spesialisthelsetenesta blir fakturert med ein eigenandel på 20 % av kostnadane for denne tenesta. For å sikre høgare grad av føreseielegheit og for å ta ned budsjetttrisiko i HF-a sine budsjett blir desse kostnadane no budsjettert regionalt på RHF-et. Basert på historisk nivå er det sett av 24 mill. kroner i 2024.

7.4. Kjøp av private kirurgitenester

Helse Vest legg ikkje opp til kjøp av private kirurgitenester i 2024. Budsjettposten blir difor teken ned til eit minimum for å kunne dekke ad-hoc innkjøp som kan oppstå gjennom året. Bruttokostnaden på denne posten blir difor sett ned med om lag 40 mill. kroner, og korrigert for tilhøyrande ISF-inntekt blir netto-beløpet om lag 25 mill. kroner. Desse midlane blir no delt ut i basisramma til helseføretaka gjennom inntektsmodellen. Dette vil bidra til at helseføretaka kan fortsette arbeidet med å redusere ventetidene inn i 2024. Det blir i den samanheng vist til brev datert 13.10.23 om styrking av basisramme i 2023 med føremål om å auke aktiviteten for å redusere ventetidene. For ytterlegare omtale av budsjettposten sjå kapittel 10.1.

7.5. Postar overført inn i inntektsmodellen som tidlegare var fordelt utanfor modell

Inntektsramma som er fordelt utanfor modell er relativt omfattande og lista over enkeltpostar blir etter kvart relativt lang då det kvart år vil være naturleg at det også kommer inn nye budsjettpostar. Helse Vest gjer derfor ei årleg vurdering på om det er enkelte av desse

postane som ein kan ta ut av lista og i staden leggja inn i den delen av inntektsramma som blir fordelt etter inntektsmodellen.

Dei postane som typisk vil vere aktuelle å flytte inn i modellen vil vere postar som har vore etablerte over tid, kor den opphavlege fordelinga ikkje lenger er like relevant og kor inntektsmodellen vil vere ei meir korrekt fordeling. Det kan og vere budsjettpostar som i prinsippet er tilnærma lik inntektsmodellen og av den grunn ikkje er like relevant lenger å spesifisere i eigen post.

Helse Vest ser det som viktig å ha ein slik årleg gjennomgang slik at lista over budsjettpostar som blir fordelt utanfor modell ikkje blir for stor i omfang. I prinsippet er det inntektsmodellen som skal ligge til grunn for fordelingar, og det skal vere viktige grunnar til at ein ikkje nyttar inntektsmodellen ved fordeling av midlar.

Det er samstundes klart at om midlar blir overført frå ein spesifikk budsjettpost fordelt utanfor modell til samla ramme i modellen, så er føremålet og aktiviteten relatert til den opphavlege tildelinga fortsett aktuell.

Følgjande forhold fordelt utanfor modell blir nå handtert i inntektsmodellen:

<small>*) Spesifikasjon av postar utanfor modell</small>	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Haraldsplass	Helse Vest RHF	SUM
<u>Forhold som ikke lenger har grunnlag for særfinansiering:</u>							
Verksemndovertreding palliativ sengepost			5 492				- 5 492
PET-skanner - endring refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt)			8 782				- 8 782
Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass			14 742				- 14 742
Utdanningsstillingar geriatri	2 948						- 2 948
Pasienttransport	11 964	11 908	15 257	16 210			- 55 339
Biblioteknester Helse Stavanger	-5 944						- -5 944
<u>Forhold som er varslet i foreløpig inntektsfordeling 2024:</u>							
Implementere inntektsmodell prehospitalte tjenester over 2 år	23 942	-331	-2 175	-21 436			-
<u>Forhold som fra før i stor grad følger inntektsmodellen:</u>							
Barn og unge med medfødt hjerneskade (R-10781)	2 718	1 540	3 805	997			- 9 059
Områdefunksjon	1 576	1 126	1 576	901			- 5 178
E-mestring (R-10763)	2 280	1 026	2 622	1 026			- 6 953
Behandling av seksuelle alferdsproblem blant barn og unge (R-10954)	716	340	888	191			- 2 135
<u>Delsum i modell</u>							
Effekt ut av egne linjer utenfor modell	-40 199	-15 609	-50 988	-2 112			-104 684
Fordelt etter modell	31 289	15 801	44 066	13 528			104 684
<i>Nettoeffekt endring vis a versa modell 2023</i>	<i>-8 910</i>	<i>193</i>	<i>-6 922</i>	<i>15 640</i>			<i>-0</i>

Inntektsfordeling 2024

Med basis i inntektsramma frå staten, inntektsfordelingsmodellen i Helse Vest og dei føringane som er gitt i denne saka, blir inntektene for 2024 fordelt på helseføretaka som følgjer:

INNTEKTSFORDELING 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 076 335	961 428	3 330 521	651 274	362 788	-	7 382 346
SUM, basisramme fordelt etter modell	6 213 121	3 130 154	8 553 423	2 603 621			20 500 320
Resultatbasert finansiering	38 843	18 625	62 177	14 280			133 925
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	82 173	706 887	3 897 541	6 764 389
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	8 916	3 517	170 912	2 383	0		185 728
SUM, inntekt 2024 fordelt frå RHF	8 807 792	4 307 783	13 530 185	3 353 731	1 069 675	3 897 541	34 966 707

Fordelinga av inntektspostar fordelt utanfor modell er spesifisert i tabellen under:

*) Spesifikasjon av postar utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					702 327	3 897 541	4 599 868
Intertnt lab-/røntgenoppgjer	-6 166	-9 604	31 216	-15 446			0
Regionalt linning for rehabilitering ved alvorlig hovudskade			17 705				17 705
Strukturtilskot		39 858					39 858
Tilskudd til landsfunksjoner			55 521				55 521
Regionalt senter for spiseforstyrrelser			35 086				35 086
Tilskudd til interne gjestspasienter (10 % påslag)			41 745				41 745
LAR Helse Bergen			7 371				7 371
Nevrokirurgisk verksemde			10 145				10 145
PET-senter	16 786						16 786
Pensjon RNB 2023	598 737	285 282	1 124 888	210 494			2 219 401
Pensjon prop. 1 S 2024	52 855	33 684	90 723	24 074			201 336
Tilskot til utdanning	19 577	9 798	168 225	7 417			205 016
Kompetansetenester:							
Regionale kompetansetenester (samlet fordeling)	18 095	1 605	72 421	595			92 715
Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi			1 106				1 106
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Flørø	10 344				10 344		20 688
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjenste" - spiseforstyrring			3 145				3 145
Regional utverdingseining for rehabilitering			6 077				6 077
Utanlandsbehandlinger - overf. frå RHF			38 429				38 429
Nye nasjonale behandlingstenester			7 740				7 740
Spesialisert rehabilitering	12 000						12 000
Behandlingstibud ved behov for kjønnsbekreftende behandling			2 323				2 323
Legeambulanse	5 709						5 709
Veileddningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			642				642
Etablering av soningseining for dei under 18 år			1 466				1 466
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 793				2 793
Rusmeistringeining ved fengsla i Stavanger og Bergen	1 028		1 028				2 055
Helse-Atlas				4 028			4 028
Nasjonal behandlingsteneste for uavklarte smerte i ansikt og Vestlandsgelen SUS	30 000		2 166				2 166
Barn som pårørende	553	4 291	4 429	553			30 000
Pasientrapporterte data			654				9 826
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 570		1 428				654
Overføring pasienter frå Gulen og Eidfjord		-16 327	54 143	-37 816			2 998
Uttrek MVA (basert på mva-kartlegging)	-361 186	-167 379	-573 871	-132 141			0
Utdanningsstillingar for spesialsykepleiere	9 909	4 192	19 944	4 065			-1 234 577
Arbeidsmedisinsk avdeling			9 152	0			38 109
Revmatologi	14 498	-6 029					9 152
Stifinna-prosjektet			2 481				8 469
Virksomhetsovertakelse TSB - sammendrag flere poster			1 478				2 481
Virksomhetsovertakelse TSB - Intern bruk			11 693	-11 693			1 478
Ein Vei Vest - prosjekt og mottakerapparat	719	719	6 288	719			0
Fagnettverk - fordeling	1 713	1 627	5 304	42			8 445
Regionalt utdanningscenter		620	620	6 288	620		8 686
RegSim	3 617	362	362	362			8 149
InterRegSim	3 500						4 703
Sekretariat samarbeidsorgan			1 085				3 500
Regionalt biobankarbeid m.m			1 182				1 085
Prostatasentre	2 147		2 147				1 182
Intensiv språktrening	3 497		4 944				4 295
Regional monitoreringsteneste			2 412				8 440
							2 412

Intensivambulanse Stavanger	316						316
Nasjonale behandlingstenester		4 341					4 341
Arbeidsgiveravgift (tidligare øremerka midlar)	9 002	671	24 247				33 921
Protonterapi - oppstart		36 960					36 960
Felles Vurderingseininger i TSB	4 440	2 220					6 660
Kjøreskule for ambulanse	572	17	6 321	17			6 926
Bioteknologiloven - NIPT			6 336				6 336
Lipødem				4 560			4 560
Trønvik			12 145				12 145
Styrking av tiltak innen barnehabilitering		3 200					3 200
Samhandlingsbarometer			2 412				2 412
Overført avtalehjemler	807		1 254				2 061
Koordineringseininger PH		342					342
Norsk protoncenter - etablering av norsk proton og stråleterapiregister		2 323					2 323
Sikkerhetspsykiatri	18 391	3 605	20 329	2 071			44 397
Operativ fagforvaltning for medikamentell kreftbehandling		4 551					4 551
Korreksjon for omlegging av ISF (50 til 40%) i 2023	18 184	-21 647	35 413	-31 950			0
Dagkirurgi Norfjordelid sjukhus			5 304				5 304
Tidligere øremerkede midler - fordeles nå i rammen:							
Barn og unge med enverva hjerneskade (R-10043)	1 710		4 560				6 269
Behandling av seksuallovvuruddømde (R-11021)	3 289		3 391				6 679
Barn og unge med livstruende og/eller livsbegrensende tilstander (R-10880)	456	456	912	456			2 280
SUM, bæsisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	82 173	706 887	3 897 541	6 764 389
	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Haraldsplass	Helse Vest RHF	SUM
Øremerkede midler i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):							
Nasjonale kompetansetjenester	Kap. 732.78	2 500	34 717				37 217
Heroinassistert rehabilitering	Kap. 732.70		20 133				20 133
Bjørgvin fengsel	Kap. 732.70		5 700				5 700
Medisinske undersøkelser på barnehuset	Kap. 732.70	3 602	2 366	1 452			7 420
Protoncenter - Investeringstilskot	Kap. 732.81		94 400				94 400
Tverrfaglig helsekartlegging	Kap. 732.70		2 149				2 149
Tannhelsestjeneste i sjukhus	Kap. 770.21		4 500				4 500
Bioteknologiloven - øremerke tilskot	Kap. 732.70	911	2 490	3 189	303		6 893
Barnepalliativ team	Kap. 732.70	1 903	1 027	2 484	628		6 042
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	Kap. 732.70		1 274				1 274
Sum øremerkede midler frå HOD	8 916	3 517	170 912	2 383	0	0	185 728
SUM, tildelt inntekt 2024 frå RHF	8 807 792	4 307 783	13 530 185	3 353 731	1 069 675	3 897 541	34 966 707
Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjer:							
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjer	-208 365	-78 079	-131 247	-76 909			-494 600
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	87 568	8 443	192 273	23 909			312 192
SUM, inntektsramme i HF-a	8 686 994	4 238 147	13 591 210	3 300 731	1 069 675	3 897 541	34 784 298

I tabellen under er det vist ei samanlikning mot revidert nasjonalbudsjett 2023 (RNB). Tala som her blir samanlikna er samla inntektsramme, jf. grått felt i tabell ovanfor. Det er fleire endringar som gjer at tala ikkje er direkte samanliknbare. Det er her gjort justeringar for dei viktigaste forholda. Denne er nødvendigvis ikkje heilt dekkande, men gjev likevel eit greitt bilet av den samla veksten inkludert deflator.

Inntektsvekst 2024 vs 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Haraldsplass
Vekst i % justert for nye forhold	6,1 %	5,5 %	4,9 %	4,5 %	4,9 %

Veksten i tabellen føreset at føretaka oppfyller vekstføresetnaden på 1,7 % innanfor somatisk ISF. Deflator er 4,3 %. DRG vekst er finansiert med 40 % ISF.

Dersom føretaka har aktivitetsvekst i DRG poeng frå bestilling 2023 til 2024 som lagt til grunn i statsbudsjettet, vil veksten for helseføretaka vera noko mindre, og som vist i tabellen under.

Inntektsvekst 2024 vs 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Haraldsplass
Vekst i % justering for aktivitetsvekst	5,7 %	5,2 %	4,5 %	4,3 %	4,4 %

8. Resultatkrav 2024

Under sak 060/23 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2024 som blei behandla i styremøte i juni blei førebels resultatkrav for helseføretaka fastsett som følgjer:

Resultatkrav ØLP 2024-2028	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus-apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2024	2 000	0	75 000	-2 000	9 000	1 000	350 000	435 000

Helse- og omsorgsdepartementet har ikkje stilt krav om overskot i føretaksgruppa. Det blir lagt til grunn at det er god styring og kontroll med ressursbruken slik at ein kan gjere dei riktige faglege prioriteringane og sikre høg kvalitet på pasientbehandlinga. Det blir føresett at drift og vidareutvikling skjer i tråd med den nasjonale helsepolitikken og innanfor dei rammene som er fastlagt, både økonomisk og juridisk, slik at det regionale helseføretaket sitt ansvar blir følgt opp.

Alle helseføretaka har store investeringsplanar. Det er derfor viktig og heilt nødvendig at føretaksgruppa klarer å oppnå eit resultat som er tilstrekkeleg for å sikre framdrifta på investeringane. Det er også heilt nødvendig at føretaka klarer å gjere nødvendige omstillingar for å sikre at dei kan handtere eigne investeringsplanar i åra framover.

Dei økonomiske rammene i statsbudsjettet slik det no ligg føre er stramme. Førebels berekningar viser at helseføretaka har store utfordringar og at det er behov for å gjøre grundige vurderingar og analyser av om det er mogleg å oppretthalde resultatkravet som blei lagt fram i samband med førebels inntektsfordeling 2024. Helseføretaka er no godt i gang med å rekne på konsekvensane og utfordringsbildet som følgjer av inntektsramma som ligg i denne saka. Endeleg statsbudsjett blir ikkje vedtatt før nærmare jul og det er førebels usikkerheit knytt til forhandlingane som er i gang på Stortinget. På bakgrunn av dette vil administrerande direktør tilrå å gjere ei ny vurdering av resultatkravet for 2024 i samband med konsernbudsjettsaka som blir behandla i styremøte i februar, etter at føretaka har fått innarbeidd den gjeldande inntektsramma i sine budsjett.

9. Budsjett Helse Vest RHF 2024

Den samla inntektsramma som ligg att i Helse Vest RHF blir foreslått disponert som følgjer:

Disponering av inntektsramma i Helse Vest RHF	2024
- Kjøp av helsetenester innanfor "sørge for ansvaret"	3 049 904
- Tilskotsordninger	19 084
- Tilbakehaldne midlar, blir fordelt direkte frå RHFet	1 785 291
- Renteinntekt i RHF'et	-70 000
- Helse Vest morselskap	182 937
SUM	4 967 216

Alle tall i hele tusen

10.1 Kjøp av tenester innanfor "sørge for ansvaret"

I denne posten inngår følgjande:

	Inntekts-fordeling
Kjøp av helsetenester innanfor "sørge for ansvaret"	2024
Tilskot til influensasenteret i Bergen	4 113
Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse	2 063 614
Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar	265 000
Driftsavtaler - rusområdet	283 635
Pensjon apoteka, IKT og RHF	57 142
Andre avtaler	3 174
Lab/røntgen, privat	112 583
Luftambulansestenesta HF	248 642
Kjøp, private	12 000
SUM	3 049 903

Alle tall i hele tusen

Tilskot til influensasenteret i Bergen

Tilskot til influensasenteret i Bergen er vidareført på same nivå som i 2023, regulert for deflator. Det er budsjettert med 4,113 mill. kroner for 2024.

Driftsavtaler – somatikk og psykisk helse

Ved budsjettering av dei private ideelle er det tatt utgangspunkt i inntektsramma for 2023 justert for deflator. Det er tatt høgde for å dekke pensjonskostnaden i 2024 i tråd med føringar og tildelingar som blir gitt frå Helse- og omsorgsdepartementet for å dekke pensjonen til dei private ideelle.

Det vil i løpet av januar bli gjennomført drøftingsmøte med dei private ideelle der bestillinga for 2024 samt tildeling av budsjettetramma blir fastsett. Det vil frå Helse Vest si side bli lagt vekt på at bestillinga for 2024 blir fastsett så tidleg som mogleg i 2024. Det er i budsjettet lagt inn ein samla budsjettpost på 2 063 mill. kroner som skal dekke vidareføring av avtalane frå 2023.

Driftstilskot, private legespesialistar og kliniske psykologar

Helse Vest har avtale med nærmere 260 privatpraktiserande legar og psykologar. Budsjettet for 2024 legg opp til ei vidareføring av nivået i 2023 justert for faktisk avtaledekning og forbruk i 2023. Dette utgjer om lag 265 mill. kroner for 2024.

Driftsavtaler - Rusområdet

Basert på gjeldande avtalar er det i budsjettet for 2024 lagt opp til ei total budsjetttramme på om lag 283 mill. kroner.

Pensjon- Sjukehusapoteka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF

Det er i budsjettet for 2024 tatt høgde for å dekke ei eventuell endring i pensjon knytt til Sjukehusapoteka, Hele Vest IKT og Helse Vest RHF. Det er samla sett av 57 mill. kroner til denne posten for 2024.

Lab/røntgen - private

Helse Vest har avtale med fleire private laboratorium og røntgenverksemder. Budsjettet for 2024 baserer seg på nivået på gjeldande avtaler og historisk forbruk på desse i 2023. Det samla budsjettet for 2024 er sett til 112,5 mill. kroner.

Luftambulansetjenesten HF

Denne budsjettposten er fastsett med basis i Helse Vest sin del av totalbudsjettet til Luftambulansetjenesten HF for 2024. Det samla budsjettet for Helse Vest utgjer 248,6 mill. kroner i 2024.

Kjøp frå private

Helse Vest har ikkje lagt opp til å inngå nye avtalar med private aktørar om kjøp av kirurgitenester ut over eventuelle behov for ad-hoc innkjøp gjennom året. Budsjettet er difor tatt ned frå eit nivå i 2023 på om lag 52 mill. kroner (brutto) til ein samla kostnad på 12 mill. kroner i 2024. Denne posten har en tilhøyrande ISF-inntekt, slik at nettobeløpet blir noko lågare (jf. Kap 7.4). Det som tidlegare var relatert til denne posten er no fordelt ut til helseføretaka gjennom inntektsmodellen.

10.2 Tilskotsordningar

I denne posten inngår følgjande:

Tilskotsordningar	2024
Tilskot brukarorganisasjonar	12 134
Studenthelseteneste	5 491
Regionalt brukarutval	1 459
SUM	19 084

Alle tall i hele tusen

Tilskot til brukarorganisasjonar

Budsjettet til tilskot til brukarorganisasjonar er vidareført med basis i budsjett 2023 justert for deflator. Søknadsfristen for å få tildelt midlar går ut ved årsskiftet og det vil bli gjort ei vurdering av kor mykje midlar som skal løvvast til dei einskilde brukarorganisasjonane i byrjinga av 2024. Øvre ramme er sett til 12,134 mill. kroner.

Studenthelseteneste

I tråd med føringane i Oppdragsdokumentet for 2009 er avtale med Studentsamskipnaden i Bergen og Stavanger vidareført og det er inngått avtale med Studentsamskipnaden i Sogn og Fjordane samt Stord - Haugesund. Budsjettet frå 2024 er vidareført justert for deflator og utgjer i 2024 5,491 mill. kroner.

Regionalt brukarutval

Midlar til regionalt brukarutval er vidareført justert for deflator med eit beløp på 1,459 mill. kroner. Budsjettposten skal dekke møtegodtgjering og andre møte- og reisekostnadars.

10.3 Ikkje fordelte midlar

	Inntekts-fordeling 2024
Tilbakeholdte midlar/blir fordelt direkte fra RHF	
Tilskot til forsking	244 298
Tilskot til Pasientreiser HF	24 715
Norsk Pasientskadeerstatning	222 159
Tilskot til turnusteneste i sjukhus for legar og fysioterapautar	8 425
Helseforetakenes driftsorganisasjon HF - Nødnett	12 000
Nasjonal E-helse	30 000
Kvalitetsregister	77 266
Habilitering/rehabilitering	283 000
Avskrivning bygg Jæren DPS	2 727
Regionale og nasjonale fellesprosjekt/satsinger	90 537
Økt arbeidsgiveravgift	91 700
LIS1 Stillinger	53 419
Tillitsvalde	5 220
Regionale fellesløysinger	7 269
Kvalitet og pasienttryggleik	18 160
Satsinger som blir fordelt seinare	33 500
Legemiddelberedskap	1 291
Medevac	20 000
Felles regionale kompetanseplaner og tenester (frikjøp)	13 477
Beredskapslager B180	14 602
Generisk register for intensiv, pandemi og krisehendelser	1 000
Bibliotekavtale med UiB	3 500
Tvangsomsorg i kommunene	24 000
Sjukehusinnkjøp HF	28 411
Sjukehusbygg HF	10 994
HABU i barn og unges helsetjeneste	5 775
ParkinsonNet	4 389
Ekspertpanel	1 386
UngMeistring	1 096
Persontilpassa medisin	16 000
IKT porteføljekostnad for å fange opp usikkerheit	12 058
Betaling for nasjonale e-helse løsninger	71 000
Norsk senter for blodberedskap	1 917
Resultat RHF	350 000
SUM	1 785 291

Tilskot til forsking

Samla tilskot til forsking utgjer 244,3 mill. kroner i 2024.

I tildelinga til Helse Vest er det frå staten lagt inn eit tilskot til forsking med 145,3 mill. kroner. Beløpet fordeler seg med 52,1 mill. kroner i basistilskot og 93,2 mill. kroner i resultatbasert forsking. Helse Vest har tidlegare lagt inn ei ekstra styrking på forsking. Desse midlane er vidareført i 2024. Ekstra styrking frå Helse Vest utgjer då 99 mill. kroner justert for deflator.

Samla budsjett til forsking blir som følgjer:

Tilskudd til forskning	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Basis	43800	44680	46200	47100	49536	52100
Resultatbasert	76900	78600	79402	84375	90149	93200
Sum inntekt frå stat	120700	123280	125602	131475	139685	145300
Ekstra styrking frå Helse Vest	83475	84718	87005	90311	94917	98998
Sum midlar til forskning	204175	207998	212607	221786	234602	244298

Tilskot til forskning blir disponert av samarbeidsorganet. Det vert her stilt krav om å gjennomføre prosjekta i tråd med føresetnadane som er gitt for dei einskilde løyvingane. Midlane blir betalt ut fortløpende etter slutføring av prosjekta.

Tilskot til Pasientreiser HF

Pasientreiser HF er eit nasjonalt føretak eigd av dei fire regionale helseføretaka. Dei har ein service og støttefunksjon og har ansvar for fleire administrative fellesstenester. I tillegg har dei diverse samordningsoppgåver og skal utføre oppgåver knytt til pasientreiser utan rekvisisjon. Tilskotet er fastsett med bakgrunn i forslag til budsjett 2024 frå Pasientreiser HF. Helse Vest sin del av budsjettet er berekna til å utgjer om lag 24,7 mill. kroner i 2024.

Norsk pasientskadeerstatning

Utbetaling til NPE baserer seg på fem års rullerande skadestatistikk i det enkelte HF, uavhengig av pasienten sin bustad. Både kostnaden og kostnadsansлага har dei siste åra variert. Samla budsjett for 2024 er estimert til å utgjere totalt 222 mill. kroner, men det er usikkerheit i dette anslaget. Helse Vest vil kome tilbake til endeleg nivå i samband med konsernbudsjettsaka i februar 2024.

Tilskot til turnusteneste

Tilskot til turnusteneste blir vanlegvis fordelt til dei regionale helseføretaka i samband med oppdragsdokumentet. Det er førebels sett av 8,4 mill. kroner for 2024. Fordelinga på helseføretaka blir gjort på eit seinare tidspunkt.

Helsetenesta si driftsorganisasjon for naudnett HF (HDO HF)

Kostnadane som relaterer seg til drift av HDO som eit helseføretak ligg i RHF-et sitt budsjett.

Kostnadane som relaterer seg til drift av naudnettradioar, kontrollrom, linjeleige og opplæring ligg i helseføretaka sine budsjett.

Kostnaden som relaterer seg til Helse Vest RHF er for 2024 anslått til å utgjere 12 mill. kroner. Nivået er førebels noko usikkert og ein vil kome tilbake til dette i samband med konsernbudsjettsaka i februar 2024.

Nasjonal e-helse

Denne posten vart sett av for å dekke interregionale prosjekt innan e-helse, som utvikling, drift og forvaltning av porteføljen. Porteføljen inkluderer også samfinansiering av prosjekt

innan Norsk Helsenett. Den totale kostnaden blir fordelt etter nasjonal inntektsmodell og for Helse Vest er det lagt opp til ei budsjettramme på 30 mill. kroner i 2024, noko som er ein vidareføring av nivået frå 2023.

Betaling for nasjonale e-helse løysningar

Det blei i 2022 lagt inn ei auke i basisramma til dei regionale helseføretaka på 263,6 mill. kroner som ein kompensasjon for innføring av betaling for nasjonale e-helse løysningar. Kompensasjonen kom som ei følgje av endringar i pasientjournallova. Betalinga skal dekke drift av dei nasjonale e-helse løysingane grunndata og helseID, nasjonal kjernejournal, e-resept og Helsenorge. I statsbudsjettet for 2023 blei det gitt ei ytterlegare netto auke i basisramma på 13,4 mill. kroner.

Budsjettet for 2024 er i tillegg basert på eigne driftsberekingar og prisauke som no må handterast innanfor basisramma. Samla utgjer denne kostnaden 71 mill. kroner for Helse Vest.

Kvalitetsregister

Det er lagt inn eit samla budsjett på 77,2 mill. kroner til handtering av kvalitetsregistre i 2024. Midlane skal dekke regionalt fagsenter for kvalitetsregister, utviklingstenester, IKT-drift hos Norsk Helsenett og faglege driftsmidlar.

Tilskot til habilitering/rehabilitering

Helse Vest har ansvar for finansiering av rehabiliteringsinstitusjonane i eigen region. Det er i utgangspunktet lagt til grunn ei samla budsjettramme i 2024 på 295 mill. kroner, men kor 12 mill. kroner av denne ramma vert nytta til direkte oppbygging av tilbod i Helse Fonna området. Helse Fonna får difor tilført 12 mill. kroner særskild i postar utanfor modell.

Norsk senter for blodberedskap

I oppdragsdokumentet for 2021 blei dei regionale helseføretaka pålagt å starte arbeidet med å etablere ei løysing for forsyningssikkerheit av blod og blodprodukt. Ansvaret vart fordelt vidare til Helse Bergen og dei totale kostnadane skal fordelast etter den nasjonale inntektsmodellen mellom regionane. Senteret har hatt ein oppbyggingsfase i 2022 og 2023.

I 2024 skal senteret vere i full drift, og heilårseffekt av dette utgjer totalt 10 mill. kroner for dei regionale helseføretaka. Kostnadsfordelinga skjer i tråd med nasjonal inntektsmodell, og kostnaden for Helse Vest utgjer difor om lag 1,9 mill. kroner i 2024.

Regionale og nasjonale fellesprosjekt

Det var i 2023 budsjettet med midlar til regionale og nasjonale fellesprosjekt. Det er ikkje utarbeidd ei prioritert liste over prosjekt for 2024 enno. Dette vil bli gjort i samband med framlegg av konsernbudsjett for 2024. Budsjettramma frå 2023 blir førebels vidareført inn i 2024. Budsjett for 2024 utgjer då samla 90,5 mill. kroner.

Regionale fellesløysingar

Det er i budsjettet tatt høgde for at fleire regionale fellesløysingar blir dekt under budsjettet for resvar/fellestenester/finans. Dette gjeld mellom anna systemeigar/arkitektressursar samt finansiering av regionale aktivitetar. Budsjettet for 2024 utgjer 7,2 mill. kroner og er basert på nivået frå 2023 justert for deflator.

Kvalitet og pasienttryggleik

Det er sett av totalt 18,1 mill. kroner til satsing på kvalitet og pasienttryggleik i 2024. Dette er ei vidareføring av budsjettet frå 2023 justert for deflator.

Medevac

Regjeringa har gitt dei regionale helseføretaka eit øyremerka tilskot til å handtere Medevac-pasientar frå Ukraina. Noreg deltek i det europeiske samarbeidet for medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina, som skjer i samband med EU si ordning for sivil beredskap (UCMP). I 2023 er det gjort eit anslag på at det blir behandla om lag 325 slike pasientar på norske sjukehus i 2023. Løyvinga er føreslått vidareført i 2024, og dette utgjer om lag 200 mill. kroner nasjonalt. For Helse Vest er det estimert at kostnaden vil vere om lag 20 mill. kroner.

Satsingar som blir disponert seinare

Det er lagt inn ein uspesifisert post på 33,5 mill. kroner som kan bli fordelt på eit seinare tidspunkt. Denne vil bli vurdert inn mot viktige satsingsområde, forhold som blir tatt opp i oppdragsdokument 2024 eller andre område som ikkje er fanga opp i budsjettprosessen.

Generisk register for intensiv, pandemi og krisehendingar

Det blir føreslått å opprette eit generisk register for pandemi og krisehendingar, som skal vere eit nasjonalt register med data frå alle helseføretak. For Helse Vest er det berekna en årleg kostnad på 1 mill. kroner. Det blir vist til kap. 7.1 for nærmere omtale.

Bibliotekavtale med UiB

Helse Vest har for 2024 inngått ein bibliotekavtale med Universitetet i Bergen. Det blir vist til kap. 7.2 for nærmere omtale. Dette utgjer om lag 3,5 mill. kroner for Helse Vest.

Tvangsomsorg i kommunane

Helse Vest har i 2024 tatt høgde for kostnadar på handtering av personar dømde etter Straffelovas § 63 og forskrifta om dom til tvungen omsorg. Det blir vist til kap. 7.3 for nærmere omtale. Beløpet er estimert til å vere 24 mill. kroner i 2024.

Legemiddelberedskap

Det er lagt til grunn ei vidareføring av budsjettet for 2023 justert for deflator. For 2024 utgjer dette om lag 1,3 mill. kroner.

Felles regionale kompetanseplanar og tenester - frikjøp

Det er i tidlegare budsjett lagt inn midlar til frikjøp av ressursar retta inn mot felles regionale kompetanseplanar og tenester. Budsjettet for 2024 utgjer totalt 13,5 mill. kroner, og er ei vidareføring av budsjettet frå 2023 med deflator.

Sykehusinnkjøp HF

I finansieringsmodellen til Sykehusinnkjøp HF er det lagt opp til at kvart føretak betaler for bruken av deira tenester i form av ei basisramme og timebaserte oppgåver.

Det er sett av 28,4 mill. kroner i RHF-budsjettet for 2024 til felles- og nasjonale tenester. Nivået er basert på nasjonale berekningar knytt til dei felleseigde føretaka, og inkluderer felles funksjonar, nasjonale tenester og nye metodar.

Sykehusbygg HF

Sykehusbygg HF skal stå for samordning innan eigedomsområdet, eigd i fellesskap av dei regionale helseføretaka. Det er førebels usikkert kor stor kostnaden vil bli i 2024. Førebels budsjett er lagt på 11 mill. kroner.

HABU i barn og unges helseteneste

Barne- og ungdomshabilitering (HABU) yter spesialisthelsetenester til barn og unge (0-18 år) med medfødde eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar. Føremålet er at pasientane skal oppleve meistring, sjølvstendighet og deltaking i samfunnet.

Det er i budsjettet for 2024 sett av 5,4 mill. kroner til føremålet. Det blir tatt stilling til fordeling av midlane på eit seinare tidspunkt.

ParkinsonNet

Det er sett av 4,4 mill. kroner til vidare utvikling og drift av ParkinsonNet i Noreg. Dette er ei vidareføring av budsjettet frå 2023 justert for deflator.

Ekspertpanel

Det er sett av 1,4 mill. kroner til budsjett for ekspertpanel. Dette er ei vidareføring av budsjett 2023 justert for deflator.

10.4 Helse Vest morselskap (administrasjon)

Det er i budsjettforslaget for 2024 lagt inn ei vidareføring av ramma frå 2023 korrigert for heilårseffektar av endringar som blei gjort i 2023. Den totale ramma på 182,9 mill. kroner skal dekke personalkostnadar, konsulenttenester og andre driftskostnadar til Helse Vest sin administrasjon.

Administrasjonen vil fram mot styremøte i februar utarbeide eit detaljert budsjett for 2024.

11 Lån til investeringar

Det er ikkje tildelt nye lån til Helse Vest i forslag til statsbudsjett for 2024. Tidlegare tildelte lån over statsbudsjett blir i 2024 fordelt med følgjande beløp:

Tabell 4.9 Investeringslån 2022–2024

Prosjekt	Låneramme	Regnskap 2022	Gjenstående låne- ramme for utbeta- ling i 2023 (krone- verdi 1.7.2023)	Bevilgning 2023	Forslag 2024
Oppgradering og nybygg Ålesund sykehus	881 mill. kroner (pr. 1.7.23)			120,0	
Etappe 2 ny sikkerhetspsykiatri OUS	375 mill. kroner (pr. 1.7.23)			10,0	
Telemark, Skien – strålebygg/somatikk	928 mill. 2022-kr	66,0	923,7	63,0	249,6
Utbygging og modernisering av Haugesund sykehus – byggetrinn 2	722 mill. 2022-kr	173,0	595,5	199,0	37,6
Ahus – psykisk helsevern	695 mill. 2022-kr	35,0	706,4	163,0	365,6
E-bygget Stavanger	1 295 mill. 2021-kr	205,0	993,0	518,0	503,2
Regional sikkerhetsavdeling OUS	830 mill. 2021-kr	151,0	730,8	79,0	321,1
Nye Oslo universitets-sykehus	29 073 mill. 2020-kr	103,0	33 866,2	1 565,0	3 192,6
Helseplattformen	2 140 mill. 2019-kr	325,0	346,9	346,9	–
Nytt sykehus i Narvik	1 716 mill. 2019-kr	539,0	744,5	707,0	44,6
Nytt sykehus i Hammerfest	1 893 mill. 2019-kr	514,0	910,4	643,0	285,4
Protoncenter Haukeland	907 mill. 2018-kr	246,0	505,9	219,9	234,9
Protoncenter Radium-hospitalet	1 198 mill. 2018-kr	210,0	705,0	368,0	357,2
Nytt klinikksykehus Radium-hospitalet	2 713 mill. 2018-kr	601,0	1 004,1	742,0	280,3
Nytt sykehus i Nordmøre og Romsdal	3 554 mill. 2018-kr	513,0	2 263,1	1 195,0	1 131,7
Nytt sykehus i Drammen	8 460 mill. 2017-kr	1 655,0	5 371,5	2 352,0	2 316,4
Nytt sykehus i Stavanger	5 930 mill. 2017-kr	1 241,0	1 429,7	1 429,7	–
Oppgradering og modernisering i Helse Førde	1 125 mill. 2017-kr	205,0	494,4	248,0	261,0
Nytt psykiatrisykehus ved Sørlandet sykehus	567 mill. 2017-kr	97,8	–	–	–
Byggetrinn II av nytt barne- og ungdomssykehus ved Haukeland universitetssykehus	2 084 mill. 2014-kr	380,6	473,6	473,6	–
Sum		7 260,4	52 064,7	11 312,1	9 711,2

Helseføretaka må som ein hovudregel styre og prioritere sine investeringar innanfor tilgjengeleg likviditetsramme. Det er berre store prosjekt med ei investeringsramme på over 500 mill. kroner som blir vurdert i forhold til lån frå staten. Staten kan gi lån for inntil 70 % av samla prosjektkostnad og avdragstida kan vere inntil 35 år.

Vedlegg - Regionale fagnettverk

Regionale fagnettverk	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Regionalt fagnettverk for radiologi			600 000	
Regionalt fagnettverk for laboratorietenester			600 000	
Regional klinisk ressursgruppe for barn og unge med CFS/ME			200 000	
Regionalt fagnettverk barn og unge med hjerneskade	600 000			
Regionalt fagnettverk for revmatologi			900 000	
Regionalt fagnettverk kjønnsinkongruens			400 000	
Regionalt fagnettverk sikkerhetspsykiatri			400 000	
Regionalt fagnettverk for barnepalliasjon			400 000	
Regionalt fagnettverk for avansert heimesjukehus			400 000	
Regionalt fagnettverk intensivbehandling			400 000	
*Regionalt fagnettverk for læring og mestring		1 569 000		
*Regionalt fagnettverk - Barn og unge med utviklingshemming og utfordrende atferd	112 644	58 408	204 428	41 720
Regionalt fagnettverk for e-meistring			400 000	
Regionalt fagnettverk for klinisk dokumentasjon av sykepleie	600 000			
Regionalt fagnettverk for traumebehandling	400 000			
Regionalt fagnettverk for CBRNE			400 000	
Sum - egen linje utenfor modell	1 712 644	1 627 408	5 304 428	41 720

Tall i hele kroner.